



# Program for Hareid Venstre

perioden 2015-2019



# Eit godt liv i Hareid kommune.

## Det frivillege Hareid

Venstre vil samarbeide med frivillige organisasjonar i Hareid for å skape eit godt liv for dei som bur i kommunen. Vi vil skape gode relasjonar til, og bruke pengar på dei frivillige organisasjonane.

Det betyr at vi ser dei frivillige organisasjonane som viktige i å bygge eit attraktivt miljø for både born og vaksne, for førebygging av rus og psykiske problem og for samarbeid om å utvikle gode opplevingar.

## Med tanke for heile livsløpet

Venstre vil samarbeide med ungdommen om å utvikle kommunen til å bli ei god oppvekstkommune.

Ein kommune der alle born og ungdomar finn ein stad å høyre til, og kan utvikle seg i med bakgrunn i interesser og føresetnader.

Dette betyr at vi vil samarbeide med alle frivillige organisasjonar som arbeider mot barn og unge. Vi vil også støtte uorganisert idrett og aktivitetar som mekkeklubb, gatefotball/basket, rullebrettrampar, terrengsykling og rockeclubbar/bandmiljø.

## Hareid Venstre vil:

- ✓ Ha eit sterkt ungdomsråd med tilsett støttefunksjon.
- ✓ At Hareid igjen skal bli MOT-kommune.
- ✓ Involvere barn og unge i planlegging og vedtak.
- ✓ Ha ein barnehage og skule som utviklar born og unge ut ifrå dei føresetnader kvar einskild har.
- ✓ Legge til rette for allsidige aktivitetar for barn og unge i alle krinsar.
- ✓ Ha eit sterkt eldreråd som er med å avgjere korleis kommunen skal bli ein god stad å leve for dei som har avslutta arbeidslivet. Venstre ser på dei eldre som ein ressurs.



## Helse og omsorg

Venstre er uroa over rusmiljøet som har utvikla seg i bygdene våre.

Vi vil samarbeide med politi, NAV og andre instansar for å motverke utvikling av negative rusmiljø og drive førebygging slik at ungdom ikkje blir rekrutterte til slike miljø.

Vi ynskjer å sette inn innsats tidleg.

Venstre vil prioritere gode heimet- enester til eldre og funksjonshem- ma slik at dei kan bu lengst mo- geleg heime.

Vi ynskjer eit aktivt dagsenter som kan både vere ein møtestad og treningsstad for eldre som bur heime.

Det er viktig at Hareid kommune tar inn lærlingar i omsorgstenesta for å rekruttere nye medarbeidarar. Vi ynskjer heiltidstillingar i el- dreomsorga slik som i dei andre tenestene i kommunen.



## Venstre vil ha eit attraktivt sentrum og attraktive krinsar.

Det betyr at vi vil jobbe for at det skal finnast tomter og husvære for dei som vil etablere seg i Hareid, både i sentrum og i krinsane.

### Hareid Venstre vil:

- ✓ Gjere heile sentrum til ein levande og triveleg møteplass.
- ✓ Vidareutvikle parken med ny andedam og leikeplass som eit trygt avskjerma grøntområde i sentrum.
- ✓ Stimulere til etablering av nye aktivitetar som barn og vaksne kan ha ilag, som t.d. leiketøy-museum.
- ✓ Stimulere til etablering og utvikling av gode nisjebutikkar.
- ✓ Bruke næringsfondet til å stimulere til at det blir starta trivelege kvalitetsbutikkar.
- ✓ Utvikle krinsane våre, og la dei finne sine spesialitetar som gjer at det blir attraktivt å bu der.

Dette vil vi samarbeide med krinsane om. Det kan til dømes vere å vidareutvikle Ishavsmuseet, Pakkuset, badestranda og Kvitneset i Brandal.

I Hjørungavåg kan det vere ridedemiljøet med Ridehallen, Overåsanden, Leira, Hjørungavågspelet med spel plass som ikkje øydelegg friområde og kulturminne ved Overåsanden.

På Bigset vil vi vidareutvikle Bygdetunet og området rundt til aktivitetar for born og vaksne.

Vi vil satse på tiltak som får fleire i Hareid i fysisk aktivitet for betre folkehelse som t.d. Rotarystien.

Vi vil jobbe for rimelege første-gongs husvære for ungdom og uformelle møteplassar.

## Venstre vil ha fortgang i utbygging av næringsareal.

Det betyr at vi vil gjennomføre planane om eit næringsareal i Myrane og at vi vil legge til rette for bedrifter som vil etablere seg i Hareid med god og rask saks-gong.

Vi vil samarbeide om tilrettelagging for vekst i små og mellomstore bedrifter med fokus på gründertenking og entreprenørskap.

## Venstre vil sikre ein god og føreseieleg skule.

Dette betyr at vi vil bruke pengar på skulen for å sikre at alle elevar får eit godt læretilbod.

Vi vil avgjere skulestrukturen i komande kommunestyreperiode, slik at folk i alle krinsar veit kva dei har å halde seg til for framtida.

Vi vil setje eleven sine behov i fokus, difor blir innhaldet i skulen viktig for Venstre.

## Folk i arbeid

Venstre ønskjer at flest mogleg av innvandraranne og asylsøkjarene i kommunen skal kome raskt i arbeid og raskt bli ein del av bygdemiljøet.

Vi vil difor etablere småjobbsentral, jobbtrening og uformelle møteplassar for dei som kjem.

Vi vil gjerne samarbeide med frivillige organisasjonar om dette arbeidet.

## Klima og miljø

Venstre arbeider for å få på plass ladestasjonar for elbil i Hareid sentrum.

Vi vil også at kommunen skal kjøpe elbilar når nye bilar skal kjøpast inn.

Alle nybygg i kommunen skal vere klimanøytrale og alle gamle bygg skal oppgraderast så godt som råd for å bruke minst mogeleg straum.

Venstre krev tre moderne nultsleppsferjer mellom Hareid og Sulesund.

Vi vil ta vare på dyrka jord og arts- mangfaldet i kommunen.

## Vil lytte til innbyggjarane

Venstre ønskjer å gjennomføre innbyggjarundersøking i forkant av ei eventuell kommunesamanslåing.

Vi vil lytte til denne undersøkinga.

## Omlegging av økonomien

Venstre ønskjer å innføre ram- mestyring for å sikre ei god økonomistyring.

Det vil seie at alle avdelingar får rammer som dei skal halde seg til kvart år. Det avdelinga brukar utover ramma, må takast inn att på neste års drift. Om dei brukar mindre enn ramma, får dei med seg pengane over til neste års budsjett.

Det er viktig å finne fram til realistiske pengerammer for avdelingane.

# Ordførarkandidaten vår, Annika Brandal.



*Annika er 33 år gammel og gift. Er oppvaksen i Brandal og på Bigset, bur i Brandal.*

*Jobbar som kulturkonsulent i Ulstein kommune.*

*Vart valt inn i kommunestyret som 21-åring, og sit denne perioden (2011-2015) i*

*kommunestyret og som leiar i næring- og miljøutvalet.*

*Er også aktiv i frivillig arbeid, og er mellom anna leiar for Brandal Vel og ansvarleg for Brandalsdagane.*

*Er glad i dyr, og har vore aktiv i hestemiljøet i mange år.*





# Folk først.

## Eg vil jobbe for:

- ✓ Eit godt tilbod for ungdomen, med tilsett ungdomsarbeidar.
- ✓ Førebyggande tiltak innan rus og psykiatri.
- ✓ Støtte opp om det viktige arbeidet som frivillige organisasjonar legg ned i Hareid.
- ✓ Tilgjengelege og attraktive tomter i alle krinsar.
- ✓ Legge til rette for allsidige aktivitetar for born og unge i alle krinsar.
- ✓ Fortgong i næringsarealet i Hareidsmyrane.
- ✓ Sikre at kommunen leverer tenester av høg kvalitet til alle som bur i Hareid.
- ✓ Uformelle møtestadar for innbyggjarane, både unge og eldre.
- ✓ Klimaplanen til Hareid kommune må rullerast, og takast i bruk aktivt.
- ✓ Rask og god sakshandsaming i alle ledd i kommunen.

# Hareid Venstre sitt lag 2015-2019



**1. Annika Brandal (f. 1981)**

Bur i Brandal. Sit i kommunestyret i inneverande periode. Leiar i Næring- og Miljøutvalet. Kulturkonsulent i Ulstein kommune.



**2. Torstein Nyttun (f. 1978)**

Bur på Nesset. Innkjøpar i Jets Vacuum. Oppteken av næringspolitikk.



**3. Jenny Helen Korsnes (f. 1979)**

Bur på Hjørungavåg. Miljøterapeut i Hareid kommune. Oppteken av sosialpolitikk og rusomsorg.



**4. Jeyuran Vijayaratnam (f. 1989)**

Bur på Hjørungavåg. Helsearbeidar og redaktør. Oppteken av helse og omsorg, med spesielt fokus på eldreomsorg.



**5. Odd Erling N. Eriksen (f. 1978)**

Bur i Hareid sentrum. Ingeniør i Rolls-Royce. Oppteken av sentrumsutvikling og oppvekstvilkår.

6. Ann Helen Grimstad Worren

7. Otto Per Gjerde

8. Annbritt Pilskog Haddal

9. Torill Overvåg Leirbekk

10. Roger Korsnes

11. Kirsti Helen Elvebu

12. Gina April Gjerde

13. Einar Aasen

14. Robert Overå

15. Rita Slotterøy

16. Sven-Aslak Veiseth

17. Elisabeth Warpe

18. Venezia Kumar

19. Odd Elvanes

20. Eva Britt Grimstad Jøranli

21. Greta Kirkebø

22. Karin S Holstad

23. Ola Leiv Grimstad

24. Åse Pilskog

25. Rigmor Haddal

26. Einar Warholm

Les meir om politikken vår og om kandidatane våre på nettet:

[venstre.no/hareid](http://venstre.no/hareid)



VENSTRE